

**MERKNADSKJEMA - Offentleg ettersyn etter 1. gongs handsaming i FU**

Plannamn:	Detaljreguleringsplan Nornes vest
Arealplan-ID:	1420 – 2019002
Arkivsaknr. :	
Utarbeidd av:	A38
Sist revidert:	Rev A, 26.02.2021

Nr.	Avsender	Hovudpunkt i merknad/uttale	Framleggsstillar sin kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegn	Omtale
1	<u>Private merknadar</u> Øystein Christensen Nordneshaugane 29 81/78 og 81/85	1. Ynskjer meir detaljert teikning.	1. Tatt til fylgje; teikning sendt 29.10.2020 Detaljert teikning viser eigedomsgrenser, eksisterande veg, planlagt veg.			
2	Bjarte Barsnes/Turid Tveit  Adresse  Gnr/bnr	1. Ynskjer at OV-leidning vert lagt om ved g/bnr 81/91 i samband med utarbeiding av ny VA-plan for området.	1. Tatt til fylgje. Ikkje relevant for godkjenning av planframlegget, men vil bli vurdert i samband med utarbeiding av detaljert VA-plan.			
3	Svein Jarle Holsæter  Adresse  G/bnr 81/1	1. Ynskjer at vegen gjennom området vert utforma for traktor og open i utbyggingsperioden. 2. Hjortegjerde må vere intakt, ha grind og vedlikehaldast etter utbygginga.	1. Delvis tatt til fylgje. Dei offentlege vegane O_SKV1, O_SKV2, O_SKV3, O_SKV4 og o_SKV5 er opne for allmen ferdsel og gir vegrett for all motorisert ferdsel. I anleggsperioden kan ein kome fram langssette den sydleige grensa for planområdet (nærare definert BF1 og BK1). I tillegg vert det regulert ein kort skogsveg b= 3,0 nedover langs grensa lengst i vest ved slutt punktet på o_SKV4. Den offentlege gangvegen O_SGS1 er open for allmen ferdsel i tillegg til å vere køyrbar for tilgrensande eigedomar. 2. Tatt til fylgje og medtatt i føresegnene. Føresegnene definerer kvar det kan settast opp hjortegjerde. Utforming av gjerde med høgde og grindar, kven som skal sette det opp og drifte det må derimot	Plankart	Pkt 5.5 Pkt 6.3	

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

			styrast gjennom privatrettslege avtalar. Utbygger opplyser at vedlikehaldsplikt av hjortegjerde skal fylgje grunneigar til hovudbruket. Dette gjeld både i anleggsperioden og etterpå når området blir tatt i bruk.			
4	Cecilie og Agnar Nornes  Adresse  G/bnr 81/6 og 81/22 og 81/81	1.Ynskjer å oppretthalde vegtilkomst til sitt område i vest. 2.Den gamle vegen må få tilkomst i svingen over idrettsbana når denne blir lagt om. 3.Avklare ansvarsforhold til hjortegjerde etter at planen er vedtatt og tomtene blir solgt.	1. Delvis tatt til fylgje. Dei offentlege vegane O_SKV1, O_SKV2, O_SKV3, O_SKV4 og o_SKV5 er opne for allmen ferdsel og gir vegrett for all motorisert ferdsel. I anleggsperioden kan ein kome fram langsetter den sydlege grensa for planområdet (nærare definert BF1 og BK1). I tillegg vert det regulert ein kort skogsveg b= 3,0 nedover langs grensa lengst i vest ved sluttpunktet på o_SKV4. Den offentlege gangvegen O_SGS1 er open for allmen ferdsel i tillegg til å vere køyrbar for tilgrensande eigedomar. 2.Ikkje tatt til fylgje. Det blir små forandringar i høve i dag når det gjeld påkoplingspunktet og slik vi ser det får det liten praktisk betydning. 3. Tatt til fylgje og medtatt i føresegnene. Føresegnene definerer kvar det kan settast opp hjortegjerde. Utforming av gjerde med høgde og grindar, kven som skal sette det opp og drifte det må derimot styrast gjennom privatrettslege avtalar. Utbygger opplyser at vedlikehaldsplikt av hjortegjerde skal fylgje grunneigar til hovudbruket. Dette gjeld både i anleggsperioden og etterpå når området blir tatt i bruk.	Plankart	Pkt 5.5 Pkt 6.3	
5	Karen Margrethe Fardal  Norneshaugane 26  G/bnr 81/44	1.Grunneigar er usikker om det vil bli gjort inngrep på hennar eigedom (murane).	1.Eksisterande tilkomstveg er regulert med 5,0 m breidde for å kunne tilfredsstille krav til framkomst av utrykkingskøyretøy. Dette betyr ikkje at vegen nødvendigvis blir opparbeidd slik dersom det kun er snakk om ei mindre justering i høve dagens vegløyning. Kommunen vil vurdere det økonomiske opp mot nytteverdien ved gjennomføring av planen.			
6	Diverse grunneigarar	1.Klage på omlegging av friområde 81/75 til bustadbygging	1. Ikkje tatt til fylgje. Sidan reguleringsplanen er eldre enn 10 år og kommuneplan har motstridande føremål, er det kommuneplanen som er gjeldande. I kommuneplan er dette området regulert til bustadområde og ikkje friområde. Det er fordelt utover 3 mindre og 1 stort friområde tilpassa innhaldet i den nye og gamle detaljregulerings-planen.			

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

			O_BLK2 er blitt gjort større ved at o_BVF og o_EL er flytta ut av området (til o_GF1). O_BLK1 er auka i storleik med 177 m <sup>2</sup> . Begge desse forholda imøtekjem likevel klagen indirekte på ein positiv måte.			
7	Karstein Ylvisåker  Norneshaugane 19  G/bnr 81/ 49	1.Spørsmål om kompensasjon ved å bygge veg på hans eigedom. 2.Ved evt utviding av veg ynskjer han at det blir satt opp mur og at avkøyrsele blir fullgod i bruk. 3.Ynskjer at Skorsvegen blir avlastningsveg for det nye feltet.	1.Må vurderast av kommunen. Egedomsforholdet blir truleg uendra då kommunen kun vil ha bruksrett til o_SKV1, o_SKV2 og o_SKV3. 2. Tilkomstvegen er regulert med 5,0 m breidde. Dette betyr ikkje at vegen nødvendigvis blir opparbeidd slik dersom det kun er snakk om ei mindre justering i høve dagens vegløyning. Kommunen vil vurdere det økonomiske opp mot nytteverdien ved gjennomføring av planen. 3.Ikkje tatt til fylgje. Vegen vil vere for bratt til å kunne tilfredsstillе dagens krav.	Plankart		
8	Daniel og Christina Sandor  Norneshaugane 16  G/bnr 81/52, 81/62 ?	1.Ynskjer ikkje å gi frå seg garasje/ parkeringsareal eller tomteareal til vegutviding. 2.Bekymra for at anleggstrafikk og vegomlegginga vil kunne øydelegga fundamentet til garasjen. 3.Ynskjer ein detaljert plan med eksakte mål.	1.Tilkomstvegen er på oppsida regulert med 5,0 m breidde. Dette betyr ikkje at vegen nødvendigvis blir opparbeidd slik dersom det kun er snakk om ei mindre justering i høve dagens vegløyning. Kommunen vil vurdere det økonomiske opp mot nytteverdien ved gjennomføring av planen. På nedsida av garsjen vil det bli godplas då vegen blir svingt unna. 2. Vegen vil ikkje påvirke fundamenta i garasjen, korkje i anleggsperioden eller etterpå. Utbyggjar opplyser at garasjen allereie har lekkasje i dag som ikkje kan tilskrivast vegbelastninga. 3. Detaljreguleringsplankartet som er utsendt er digitalt og så detaljert at ein kan måle avstandar på denne.			
9	Nina Kathrin og Bjørn Asle Slinde  G/bnr 81/76, 81/86, 81/99	1.Ynskjer tilkomst frå 81/99 til kommunal veg slik at denne bruksmessig ikkje blir forringa. 2.OV-leidning frå dammen til 81/86 må ikkje få meir vatn enn i dag då denne kapasitetsmessig er sprengt. 3.Eksisterande friområde må ikkje bli omregulert.	1.Ikkje tatt til fylgje. 81/76 og 81/86 har tilkomst til kommunal veg, og 81/99 er kun eit tilleggsareal/ uteareal som bruksmessig ikkje er avhengig av offentleg tilkomstveg. 2.Tatt til fylgje. Vedkjem ikkje reguleringsplanen men vil bli vurdert i samband med gjennomføringa (Detaljprosjektering av OV-leidninga). 3. Ikkje tatt til fylgje. Sidan reguleringsplanen er eldre enn 10 år og kommuneplan har motstridande føremål, er det kommuneplanen som er gjeldande. I kommuneplan er dette området regulert til bustadområde og ikkje friområde. Det er fordelt utover 3 mindre og 1 stort			

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

			<p>frimråde tilpassa innhaldet i den nye og gamle detaljregulerings-planen.</p> <p>O_BLK2 er blitt gjort større ved at o_BVF og o_EL er flytta ut av området (til o_GF1). O_BLK1 er auka i storleik med 177 m2. Begge desse forholda imøtekjem likevel klagen indirekte på ein positiv måte.</p>			
10	<p>Monica Slinde og Lars Erik Solberg</p> <p>Norneshaugane 21</p> <p>G/bnr 81/90</p>	<p>1.Ynskjer avklaring om veg får konsekvens for opparbeida avkøyrsløse og barklagt skråning og mur.</p> <p>2.Gangveg mellom SKV3 og Svehaugvegen har blitt øydelagt av overvatn truleg frå SKV3. Dette bør ein omsynstta ved ombygging av SKV3.</p>	<p>1.Konsekvensen blir liten for opparbeidd skråning. Den nye vegen er ikkje regulert inn på 81/90.</p> <p>2. Tatt til fylgje. Overvatnet vil bli vurdert i samband med gjennomføringa (detaljprosjektering av VVA).</p>			
11	<p>Arild Birger Haukereid</p> <p>Norneshaugane 14</p> <p>G/bnr 81/32</p>	<p>1.Vil ikkje godta inngrep på eigedomen sin. Gjeld utviding av svingen ved Sigvart Høl og inn på hans eigedom pluss ein lyktestolpe med fiberkabel.</p>	<p>1.Ikkje tatt til fylgje. Dessverre er det ikkje råd å tilfredsstillende kommunen sine krav for tilfredsstillende svingradiusar utan å utvide svingen på yttersida og inn på 81/32 slik planen legg opp til. Alle alternativ er vurdert.</p>			
12	<p>Stein Nornes</p> <p>G/bnr 81/11</p> <p>Nornes 25</p>	<p>1.Ynskjer at det skal vere eit fullverdig hjortegjerde både i anleggsperioden og etterpå når området er tatt i bruk.</p>	<p>1. Tatt til fylgje og medtatt i føresegnene.</p> <p>Føresegnene definerer kvar det kan settast opp hjortegjerde. Utforming av gjerde med høgde og grindar, kven som skal sette det opp og drifte det må derimot styrast gjennom privatrettslege avtalar. Utbygger opplyser at vedlikehaldsplikt av hjortegjerde skal fylgje grunneigar til hovudbruket. Dette gjeld både i anleggsperioden og etterpå når området blir tatt i bruk.</p>		Pkt 6.3	
13	<p>Jostein Fondenes</p> <p>Nornes 21</p> <p>G/bnr</p>	<p>1.Er bekymra om VA-anlegget har god nok kapasitet.</p> <p>2.Gardsvegen til Nornes må vere framkomeleg gjennom utbyggingsområdet med traktor i anleggsperioden.</p> <p>3. Ynskjer at det skal vere eit fullverdig hjortegjerde både i anleggsperioden og etterpå når området er tatt i bruk.</p> <p>4.Usikker om svingen aust for idrettsplassen er teke med i planen.</p> <p>5.Få av grunneigarane på Nornes som er med på høyringsrunden.</p>	<p>1.Viser til Asplan Viak sin rapport.</p> <p>2. Delvis tatt til fylgje. Dei offentlege vegane O_SKV1, O_SKV2, O_SKV3, O_SKV4 og o_SKV5 er opne for allmen ferdsel og gir vegrett for all motorisert ferdsel. I anleggsperioden kan ein kome fram langsetter den sydlege grensa for planområdet (nærare definert BF1 og BK1). I tillegg vert det regulert ein kort skogsveg b= 3,0 nedover langs grensa lengst i vest ved sluttpunktet på o_SKV4. Den offentlege gangvegen O_SGS1 er open for allmen ferdsel i tillegg til å vere køyrbar for tilgrensande eigedomar.</p> <p>3. Tatt til fylgje og medtatt i føresegnene.</p> <p>Føresegnene definerer kvar det kan settast opp hjortegjerde. Utforming av gjerde med høgde og grindar, kven som skal sette det opp og drifte det må derimot</p>	Plankart	Pkt 6.3	Asplan Viak

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

			<p>styrast gjennom privatrettslege avtalar. Utbygger opplyser at vedlikehaldsplikt av hjortegjerde skal fylgje grunneigar til hovudbruket. Dette gjeld både i anleggsperioden og etterpå når området blir tatt i bruk.</p> <p>4. Ikkje tatt til fylgje. Det blir små forandringar i høve i dag når det gjeld påkoplingspunktet og slik vi ser det får det liten praktisk betydning.</p> <p>5. Dette stemmer ikkje i fylgje opplysningar som er mottatt frå kommunen.</p>			
14	<p>For Sigvart Høl, Ivar Rishovd</p> <p>Nordneshaugane 20</p> <p>G/bnr 81/35</p>	<p>1.Bekymra for om vegomlegginga i svingen kan gi problem for innkøyrsla til eigedomen og om lyktestolpen med fiberkabel til huset hans vert skadelidande.</p> <p>2.Bekymra for at tilkomstvegen forbi huset hans skal bli gjennomgangstrafikk med biltrafikk.</p>	<p>1.Svingen vil bli detaljprosjektert i samband med gjennomføringa, og endelege detaljar vil bli avklart då. Dersom lyktestolpen må flyttast vil dette bli ein del av kostnadene med å legge om vegen.</p> <p>2.Tilkomstvegen forbi huset hans er regulert som gangveg o_SGS1. Vegen blir regulert som offentleg gangveg open for allmen ferdsel men med lov for tilkomst med motorisert køyring til eigedomane 81/35, 81/71, 81/72, 81/89, 81/46 og 81/4. Gangvegen vil ikkje ha gjennomgangstrafikk.</p>	Plankart	Pkt 5.5	
15	<p>Jardar Myster</p> <p>Norafjordvegen 1132</p>	<p>Diverse merknader/ kommentarar jf brev av 12.11.2020 :</p> <p>1.Merknader vdr omsyn til Myster sine eigedomar og interesser.</p> <p>2.Merknader til vedtak i sak 35/20.</p> <p>3.Merknader til A38 sitt saksframlegg.</p> <p>4.Merknader til skredfarevurderinga.</p> <p>5.Vedlegg</p> <p>6. Merknader frå adv Hjermann</p>	<p>1.Delvis tatt til følgje. A38 er engasjert av Nornes bygg AS, og oppdraget omfattar ikkje eigedomane til Myster. Interessene i samband med alle eigedomane til Myster viser seg gjennom alle vedlegga som er mottatt, å vere både komplekse og omfattande. Dei offentlege vegane O_SGS1 og o_SKV4 er opne for allmen ferdsel og gir vegrett til Myster sine eigedomar. Utover dette kan interessene til Myster best ivarekast ved at Myster sjølv fremjar eigen reguleringsplan for sine eigedomar.</p> <p>2. Delvis tatt til følgje. Fleire av Myster sine punkt (dei som er relevante) er medtatt i revisjon A av 28.01.2021. Tverrprofilar av vegane er lagt ved som illustrasjonar. Overvassplan i tråd med NVE sine merknader er utarbeidd og ligg ved innsending, rev A av 28.01.2021. Å køyre noko tømmer i mindre skala gjennom området vil sikkert kunne vere ok, men å opne opp for tømmertransport i større skala gjennom eit bumiljø strir mot forsvarleg planlegging, men dette må kommunen som framtidig vegeigar ta stilling til.</p> <p>3.Delvis tatt til følgje. Føresegnene definerer kvar det kan settast opp hjortegjerde. Utforming av gjerde med høgde og grindar, kven som skal sette det opp og drifte det må</p>	Plankart	<p>Pkt 4.4</p> <p>Pkt 4.7</p> <p>Pkt 5.5</p> <p>Pkt 7.1</p> <p>Pkt 7.2</p> <p>Pkt 7.3</p>	Asplan Viak

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

			derimot styrast gjennom privatrettslege avtalar. Utbygger opplyser at vedlikehaldsplikt av hjortegjerde skal fylgje grunneigar til hovudbruket. Dette gjeld både i anleggsperioden og etterpå når området blir tatt i bruk. 4.Delvis tatt til følgje. NVE sine merknader er fullt ut tatt til fylgje og tekne i plankartet og føresegnene. 5.- 6.Delvis tatt til følgje. Merknadene er svart ut i punkta ovanfor, 1-4.			
2			Kort kommentar til om merknaden/uttala er: – tatt til følgje – ikkje tatt til følgje – Delvis tatt til følgje Grunngjev svaret.  Framleggsstillar sine kommentarar er førebelse og vert revidert fram til innsending for 2. handsaming.		Kryss av dersom kommentaren fører til endringar i plankart, føresegn eller planomtale. Oppgi aktuelt punkt i parentes.	
	<u>Høyringsinstansar:</u>					
1	Fylkesmannen 12.11.2020	1.Rår til at deler av leikearealet vert UU. 2.Vurdere gang/ sykkelveg frå riksvegen og opp. 3.Vurdere meir konkrete krav til skjemmande terrenginngrep. 4.Vurdere UU-krav på ein del av bustadane. 5. Vurdere overvassplan og krav om presiseringar i føresegnene jf NVE.	1.Tatt til fylgje. Medtatt i føresegnene. 2.Ikkje tatt til fylgje fordi dette ikkje er planlagt i arealdelen til kommuneplan. Det er heller ikkje råd å ta meir areal frå grunneigarane, og trafikkvolumet er ikkje stort nok. 3.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene. 4.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene. 5.Tatt til fylgje. Overvassplan blir utarbeidd og godkjendt av kommunalteknikk før 2. gongs handsaming. Presisering jf NVE medtatt i føresegnene.	Plankart	Pkt 3.9 Pkt 4.12 Pkt 5.2 Pkt 5.7 Pkt 7.1 Pkt 7.2 Pkt 7.3	Asplan Viak
2	Vestland fylkeskommune 13.11.2020	1.Samferdsel. Vurdere langsgående fortau og kryssing av riksvegen ved busshaldeplassar. 2.Barn og unge. Sikre kvalitet på leikeareala, også for UU. 3.Universell utforming. Vurdere tydelegare krav om universell utforming i føresegnene. 4.Bærekraft, klima og energi. Etterspør strategiar knytt til bærekraftig utvikling; effektiv energibruk, materialbruk, ladeinfrastruktur. 5.Kulturminne. Erstatte «kulturmyndigheiter» med «Vestland fylkeskommune». Søke å unngå inngrep/ skade på evt kulturlandskapstrekk.	1.Ikkje tatt til fylgje. Ligg utanfor planområdet. Trafikkvolumet er slik kommunen ser det, ikkje stort nok. Kommentert i planomtalen. 2.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene. 3.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene. 4.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene. 5.Tatt til fylgje, medtatt i føresegnene.		Pkt 3.1 Pkt 4.12 Pkt 5.7 Pkt 4.13	

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

3	NVE 10.11.2020	1.Presisering i føresegner og plankart knytta til faresonene. 2.Må utarbeidast overvassplan	1.Tatt til fylgje. Presisering om faresonene er medtatt i føresegnene og alle faresone er medtatt på plankartet. 2. Tatt til fylgje. Overvassplan er utarbeidd av Asplan Viak og blir godkjend av kommunalteknikk før 2. gongs handsaming i Forvaltningsutvalet.	Plankart	Pkt 7.1 Pkt 7.2 Pkt 7.3	Asplan Viak
---	-------------------	--	---	----------	-------------------------------	-------------